



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 01.09.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	7023/10	020	FSK/FEL/VIST/ådh	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 27.08.10

Desse møtte: Hanne Hope, Veronika Hestad Kjøndal, Ida Marie Kjærefjord Lavik, Andreas Langeland, Hanne Storesætre, Amalie Helland, og Vibeke Øxnevad Stoltz

Forfall: Jostein Gjerstad, Ingunn Martinsen, Torstein Flakke, Helene Flakke, vara og Tony Andre Gundersen, vara

Tid: kl. 19.00

Stad: Tysneshallen

Sakliste:

38. Opning
Hanne opna og leia møte
39. Godkjenning av innkalling
Innkallinga vart godkjent
40. Godkjenning av dagsorden
Godkjent
41. Godkjenning av referat 18.06.10
Godkjent
42. Statusrapport økonomi
Utgifter fram til no om lag kr 37.000. Dette inkluderer biljardbord, Ikea, 4 husleiger og diverse innkjøp til ungdomsklubben. Inntekter kr 4.600 frå ungdomsklubben.
43. Handsaming av sakliste
 - a) Leigeavtale mellom Tysnes ungdomslag og Tysnes ungdomsråd
Framlegg til leigeavtale vart, med nokre få endringar, godkjent.
Avtalen må godkjennast av Tysnes kommune, før han vert sendt til Tysnes ungdomslag for godkjenning og underskriving.
 - b) Kråkerei
Det vert ny klubbkveld onsdag 8. september.
Innkjøp av ulike spel og varer. Ansvar Hanne.

Plakatar må hengast opp. Ansvar Amalie.

Det må lagast eit avtaleutkast til foreldrevakter, 2 vakter er naudsynt frå kl. 17.30 – 22.30. Ansvar Veronika

- c) Aktivitetar i helgene
Paintball kan verta aktuelt. Undersøkje nærare med Wasteland og finne eigna stad.
Ansvar Veronika
Ta opp i elevrådet kva andre aktivitetar ungdom ønskjer. Ansvar Amalie.
- d) Ungdomssider på nettsida til ”Bladet Tysnes”
Skaten har gjeve melding om at nye nettsider vil vera på plass i løpet av hausten.
- e) Orientering frå samlinga mellom ungdomsråda i regionen fredag 25. juni på Stord.
Målgruppa for samlinga var medlemmer i ungdomsråda i kommunane i Sunnhordland. Ordørarar og rådmenn var óg inviterte. Føremålet med samlinga var å få i gong ein debatt om kva saker som er viktige for utvikling av regionen og koma med konkrete innspel. Hanne og Ida Marie deltok på samlinga.
Veronika foreslo å invitera ungdomsråda i Sunnhordland til samling på Tysnes frå fredag til laurdag i løpet av hausten. Presentasjon av dei ulike ungdomsråda, tema og diskusjon. Møtet meinte dette var eit svært godt framlegg.
Undersøkja nærare om overnatting. Pris pr ungdomsråd kr 500,-.
- f) Nettverkskonferansen del 2, 2.-3.okt v/Ungdommens fylkesutval. Deltakarar frå Tysnes ungdomsråd.
Jostein, Veronika, Andreas og Amalia dreg på konferansen. Kostnad kr 250,- pr person. Reiseutgifter kjem i tillegg.

44. Ymse

- a) Tysnes ungdomsråd har eiga epostadressa som må takast ansvar for. Ansvar Amalie
- b) Trygg heim for ein 50 - lapp. Sveio har ei slik ordning. Saka vert undersøkt nærare. Ansvar Hanne
- c) Tysnes kraftlag rådsmøte. Hanne deltok. Tysnes ungdomsråd sender søknad om gåve frå Tysnes kraftlag sitt almennyttige fond. Ansvar for søknad Ida Marie.
- d) Søknad frå Tysnes ungdomslag om tilskot frå Tysnes ungdomsråd. Ungdomslaget har hatt høge kostnader i samband med drift/vedlikehald og investering. Møtet ønskte meir informasjon og nærare presisert kva tiltak for ungdom eit tilskot eventuelt skal brukast til.

Neste møte vert fredag 10. september kl. 19.00.

Vibeke Øxnevad Stoltz
referent